**KOMMISJONSVEDTAK** **2012/EØS/16/37**

**av 21. juni 2007**

**om endring av vedtak 2001/689/EF, 2002/739/EF, 2002/740/EF, 2002/741/EF og 2002/747/EF om lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til visse produkt, skal gjelde for(*)**

*[meldt under nummeret K(2007) 3128]*

(2007/457/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke([1]), særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtane:

1) Miljøkriteria som er fastsette i kommisjonsvedtak 2001/689/EF av 28. august 2001 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til oppvaskmaskiner([2]), går ut 28. august 2007.

2) Kommisjonsvedtak 2002/739/EF av 3. september 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til innandørs måling og lakk, og om endring av vedtak 1999/10/EF([3]) går ut 31. august 2007.

3) Kommisjonsvedtak 2002/740/EF av 3. september 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til madrassar, og om endring av vedtak 98/634/EF([4]) går ut 31. august 2007.

4) Kommisjonsvedtak 2002/741/EF av 4. september 2002 om fastsettelse av reviderte miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir og grafisk papir og om endring av vedtak 1999/554/EF([5]) går ut 31. august 2007.

5) Kommisjonsvedtak 2002/747/EF av 9. september 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer, og om endring av vedtak 1999/568/EF([6]) går ut 31. august 2007.

6) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god tid vorte gjennomført ein revisjon av fellesskapskriteria og av dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførde ved dei nemnde vedtaka.

7) I lys av revisjonen av desse kriteria og krava bør det tidsrommet som miljøkriteria og krava skal gjelde for, lengjast med 18 månader i alle dei fem tilfella.

8) Ettersom den pliktige revisjonen i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 berre gjeld miljøkriteria og krava til vurdering og kontroll, bør vedtak 2001/689/EF, 2002/739/EF, 2002/740/EF, 2002/741/EF og 2002/747/EF halde fram med å gjelde.

9) Vedtak 2001/689/EF, 2002/739/EF, 2002/740/EF, 2002/741/EF og 2002/747/EF bør difor endrast.

10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 173 av 3.7.2007, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 14/2008 av 1. februar 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se *EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende* nr. 33, 12.6.2008, s. 21.

(1) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(2) TEF L 242 av 12.9.2001, s. 23. Vedtaket endra ved vedtak 2005/783/EF (TEU L 295 av 11.11.2005, s. 51).

(3) TEF L 236 av 4.9.2002, s. 4.

(4) TEF L 236 av 4.9.2002, s. 10.

(5) TEF L 237 av 5.9.2002, s. 6.

(6) TEF L 242 av 10.9.2002, s. 44. Vedtaket endra ved vedtak 2005/384/EF (TEU L 127 av 20.5.2005, s. 20).

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 2001/689/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteria for produktgruppa «oppvaskmaskiner» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 28. februar 2009.»

*Artikkel 2*

I vedtak 2002/739/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «innandørs måling og lakk» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 28. februar 2009.»

*Artikkel 3*

I vedtak 2002/740/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «madrassar» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 28. februar 2009.»

*Artikkel 4*

I vedtak 2002/741/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteriene for produktgruppen «kopieringspapir og grafisk papir» og de tilhørende kravene til vurdering og kontroll skal gjelde til 28. februar 2009.»

*Artikkel 5*

I vedtak 2002/747/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «lyspærer» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 28. februar 2009.»

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 21. juni 2007.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*